



NR. 10

DESEMBER 1984

17. ÅRG.



God Jul



## GI KRISTUS ROM

I juleevangeliet står det at Jesus-barnet ble født i en stall, fordi det ikke var rom for dem i herberget. Har det ikke siden også vært slik at det ikke har vært rom for ham som kom for å være verdens frelser? Jo, ikke har han fått plass i så mang menneskehjerter, i samfunnsliv og ikke i den verden han kom til som frelser, ja, heller ikke alltid i sin egen kirke på jorden.

Hvorfor er det slik? Jesus har en gang gitt svar på det. «Lyset er kommet til verden, og menneskene elsket mørket høyere enn lyset, fordi deres gjerninger var onde».

I stedet for å tro lyset og følge det har menneskene så ofte latt seg lede av mørkemaktene: hovmod, egoisme, mislittil, havesyke og maktsyke. Derfor er verden, både i det små og i det store, kommet ut i det uføre som vi er i idag.

Hos alle er det vel en trang til å komme ut av dette uføret. Hvor går så veien ut av det? Etter Bibelen er det kort og godt sagt i overskriften over dette vesle stykket: Gi Kristus rom. La ham, verdens frelser og fredsfyrste, få rom i tankene dine, i ordene dine, i din holdning og ferd. Det skjer ved omvendelse og tro. Da har du — så langt det står til deg — gjort ditt til at det skal bli bedre.

Verden lever i frykt idag. Trusselen av en ny verdenskrig henger over oss, og alle vet at den kan bety utslettelse. Også de som styrer og har makten vet det — og frykter.

Men er det ikke botevon for oss mot denne faren? Jo, det er der. Det er Jesu Kristi sinnelag, kjærlighetens, fredens og forsoningens sinnelag. Dersom dette fikk råde og lede i stedet for mistillit, egoisme, havesyke og selvrådighet, så behøvte vi ikke å frykte for atomkraften. Den ville bli et gode for alle i fredens og oppbyggingens tjeneste.

Men det skjer bare ved at barnet fra Betlehem og det han kom for å gi, får rom hos oss alle i hjerte og hjem, i by og bygd, i samfunn og i verden.

La julens appell til oss være:

GI KRISTUS ROM!

Knut Sellevold



## Julekonsertar

Arna Kyrkje

SØNDAG 9. DES. KL. 19.00:

Medverkande:

Haukeland songlag. Garnes skulemusikk. Tunes og Trengereid skulemusikk. Indre Arna skulemusikk. Gullfjell Trekkspelklubb.

SØNDAG 16. DES. KL. 19.00:

Medverkande:

Björg Schive. Arnavaågen musikklag. Ådnamarka strykeorkester. Musikklaget Janus.

ONSDAG 19. DES. KL. 20.00:

«Vi syng jula inn.

Medverkande:

Arna kyrkjekor. Arna kyrkjens barnekor. Lone skulemusikk.

### Ytre Arna kyrkje

SØNDAG 16. DES. KL. 19.00:

Medverkande:

Arne Musikforening. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Ytre Arna kyrkjekor. Res.kap. Harald Sundsbø.

## JULE FESTAR



### INDRE ARNA:

28. des.: Indre Arna søndagsskule og «Barnerøyster» arrangerer familiefest kl. 17.00.

29. des.: Ungdommens julefest i bedehuset kl. 18.00. Anne Hilde og Arve Reigstad vert med og syng/spelar. Victor Bakke talar.

5. jan.: Indremisjonen har julefest kl. 19.00.

### LONE:

27. des.: Søndagsskulefest kl. 16.00. Talar Bård Heradstveit. Betania barnekor.

28. des.: Ungdomsfest kl. 19.30. Talar Arild Hetlebakke. Betania musikkor og Ungdomsmusikken vert med.

4. jan.: Y-ungdom har julefest kl. 19.00.

6. jan.: Borgafesten kl. 16.00. Tale av misjonær Karl Bogetveit.

### UNNELAND:

27. des.: Julefest i bedehuset kl. 20.00. Tale av bibelskulelærer Harald Myklebust. Gang rundt juletreet, servering. Alle velkomne.

### YTRE ARNA:

28. des.: Søndagsskulefest kl. 17.00. Talar Odd Handal.

4. jan.: Julefest for ungdom i bedehuset kl. 19.00.

6. jan.: Indremisjonen sin julefest kl. 17.00.

13. jan.: Julefest for eldre kl. 16.00.


### HAUGLAND:

28. des.: Søndagsskulefest kl. 15.00.

29. des.: Indremisjonen sin julefest kl. 18.00.

### TUNES:

23. des.: Familiefest kl. 16.00. Tale av misjonær Björg Mæstad. Son og musikk.



**Stjerne-vegen**

I Bibelen les vi om vismennene som følgde stjerna og kom til Jesusbarnet i Betlehem. Kan du følgja mennene og finna vegen dei gjekk. Du må ikkje kryssa nokon av strekane. Vismennene skal ikkje til Herodes-slottet midt på biletet, men til Betlehem nedst i hjørnet.

**Litt av historia bak adventstida**



Glede og alvor, høgtid og faste. Alt dette er tankar som høyrer med til adventstida.

Den historiske tradisjonen bak adventstida er ganske mangfaldig. Kyrkja byrja å feira advent som ei eiga førebuingstid før jul i femte hundreåret. Skikken starta i Italia, men spreidde seg snøgt.

Advent tydar kome. Opphavleg var nok dette ei festtid der dei kristne vende augo mot dei historiske hendingane kring Jesu fødsel. Samstundes såg dei fram mot at Frel-saren skulle koma att.

Framhald s.5.

A	S	F	Ø	S	A	N	N	H	E	T	E	N
N	E	R	R	E	H	B	K	E	S	A	G	U
I	M	M	A	E	G	S	B	Æ	D	K	U	F
N	N	Ø	S	S	D	U	G	R	J	R	Å	N
H	E	M	I	M	E	S	R	D	N	I	K	E
A	D	H	T	E	L	E	F	L	Å	S	O	G
B	R	V	E	S	A	J	N	Y	Ø	T	N	N
E	Y	K	A	S	I	J	E	S	R	U	W	O
J	H	V	E	I	E	N	Å	E	R	S	I	K
B	D	A	L	A	M	M	E	T	S	O	T	P
V	M	E	R	S	R	E	S	L	E	R	F	E

**Namn på Jesus**

I desse rutene kan du finna 13 ulike namn på Jesus. Les vassrett, loddrett og på skrå, både forfra og bakfra og sjå kor mange du finn.

LØYSING S.14

**Framhald frå s. 4**

Men bot og faste høyrde og med. Dette kjem av at adventstida fall saman med førebuingstida for ein av dei store årlege dåpsdagane i kyrkja i byrjinga av januar. Særleg utetter i Mellomalderen forsterka botstanken seg, og i det 12. hundre-året vart den svarte botsfargen (seinare lilla) valt til liturgisk farge for advent.

Luther og reformatorane understreka glede i adventstida att. Nåden fra Gud, Jesus Frel-saren og hans attkome til frelse for alle som ventar på han, rykka fram i tanken.

Ei eiga kyrkjeleg tidsrekning med dei fire adventssøndagane fyrst, skriv seg frå Tyskland omlag 1590. Samfunnet rekna da etterkvar 1. januar og ikkje juledag som nyårsdagen sin. Dette førte til at den fyrste søndagen i advent vann fram som kyrkja sin nyårsdag og vart sett på som ein festdag.

Slik har vi fått adventstida vår som både er prega av glede fordi Jesus vart fødd, ettertanke over lovnadene frå Gud og over alvor og spaning av di Jesus skal koma attende for andre gongen.

## FRITIDSKLUBB FOR FUNKSJONSHEMMA:

# Vi vil også vere med

I slutten av november hadde Arna Sokneråd sitt fritidstilbod for funksjonshemma utlodning til inntekt for kyrkjelydshuset. Vi vil også vere med å samle pengar til kyrkjelydshuset, seier dei.

Kvar onsdag møttes 10-12 unge i barnehagen sitt lokale i Arna Bedehus til «Klubben». I to timar er dei saman og driv med ulike aktivitetar.

Kontaktpersonen for fritidsklubben er Dagny Kleppstø. Til Kyrkjelydsbladet seier ho at klubben har eit variert program. — På klubbkveldane spelar vi spel, syng og et saman. I tillegg til dette er vi stundom på utflukter, vå går på teater og har utlodning som no i november.

Filmkveldar vert det også tid til, i tillegg til heimebesøk hos leiarane med jamne mellomrom.



### SNART 10 ÅR

Fritidsklubben vart starta hausten -75, og det var styret for barnehagen som sette hjula igang for snart 10 år sidan. Etter nokre år vart fritidsklubben ei sjølvstendig eining under soknerådet.

### PLASS TIL FLEIRE

Med 10-12 medlemmer er det framleis plass til nokre fleire medlemmer. Som nemnd er det klubbmøte kvar onsdag, og klubben varer frå 18.00-20.00. Dersom nokon ynskjer meir informasjon, eller ynskjer å vere med i klubben, kan ein ta kontakt med: Dagny Kleppstø, Stølsvn. 93A, 5265 Arnatveit, tlf. 24 06 65.



**Bilete frå ein klubbkveld. Her ser me leiarar og medlemmar i klubben vera saman om ulike aktivitetar.**

## 280.000 til kyrkjelydshus

Innsamlinga til Kyrkjelydshuset i Arna er no kome opp i kr. 280.000.

På postgiroblankettane i Kyrkjelydsbladet har det til no kome inn nok o over kr. 6.000,-. Med den startkapitalen vil ein også kunna gå vidare med å realisera byggeplanane, og byggjenemnda reknar med å kunna starta bygginga ein gong i 1985.

Dei som arbeidar med planane har også fått dette brevet med framlegg til bruken av huset:

Det er gledeleg å høyre at det no skal bli ny fart i arbeidet med kyrkjelydshuset i Arna. Det må bli fint å få ein samlingsstad for dei ymse aktivitetane i kyrkjelydsarbeidet. Eit slikt kyrkjelydshus må nyttast ut mest mogeleg, og eg vil kaste fram tanken om å nytte huset som dagsenter for dei eldste i kyrkjelyden om føremiddagsen.

Det er mange av oss i kyrkjelyden som må ta oss av dei gamle i familien fordi det ikkje er plass for dei korkje på gamleheim eller sjukeheim.

Det ville vore fint å få ein avlastningsstad.


Dei gamle føler seg ofte einsame og har stort kontaktbehov.

Dei ville sikkert vore glad om dei kunne vå vere i lag med andre eldre i kyrkjelydshuset for å prate litt.

Dei kunne ete føremiddagsmaten sin i lag og dei kunne få hjelp til ymse aktivitetar.

Eg vonar nemnda for arbeidet med kyrkjelydshusarbeidet vil tenkje på desse eldste i kyrkjelyden når dei no planlegg bygginga av huset.

Med hilsen  
J.M. Bergo Larsen



## Fat med motiv av Arna Kyrkje

Enno er det att ein del av dei fine fata med motiv av Arna Kyrkje. Prisen er kr. 100,- pr. stk., og ein kan få kjøpa dei på Kyrkjekontoret i Borgstova.

Overskotet av salet går til Kyrkjelydshuset. Kanskje du kunne nytta dette til ei julegåve i år?

## TAKK!

Innsamlinga til høyreanlegg i Ytre Arna kyrkje har gått fint. På postgiroblanketten i Kyrkjelydsbladet var det til 6/11 kome inn rundt 5.500. Med det som var samla inn tidlegare er det til no kome inn ca. 22.500, og då er så og seia heile anlegget betalt. Soknerådet vil med dette retta ei varm takk til alle gjevarane. Det gjeld Ytre Arna Sanitetsforening, Ytre Arna husmorlag, Eldretreffet på Flatane, Vestlandsbanken og alle einskildpersonar som har vore med.

Fleire som høyrer tungt har uttrykt glede over at dei no høyrer godt i kyrkja. Det er viktig at dei som brukar høyreapparat, skrur på apparatet sitt slik at dei har nytte av teleslynga når dei er i kyrkja.

# Familieside

## DØYPT

### Arna sokn:

- 14.10 Morten Løseth Bøe og Ingvar Løseth Bøe. Døypd i Birkeland kirke.
- 21.10 Linn Therese Tollefsen.
- 28.10 Renate Kloster, Helene Sæbø, Lise Langenes, Vegard Rivenes, Christoffer Nyteit, Glenn Roger Andreassen, Stein-Ivar Lothe Eide.
- 11.11 Øystein Grimstad, Terje Mostrøm, Tommy Mjelde, Bent-Are Hansen og Hanne Kristin Ragnhildstveit.
- 18.11 Andreas Unneland, Espen Bratli, døypd i Ytre Arna kyrkje.

## VIGDE:

### Arna sokn:

- 20.10 John Eivind Marstad og Anne Margrethe Johnsen.
- 27.10 Rolf Inge Holmefjord og Bente Sørstrønen

## KYRKJELYDSVEKER I ARNA

12.-17. februar vert det kyrkjelydsveke i Arna kyrkjelyd og 19.-24. februar i Ytre Arna kyrkjelyd.

Landsevangelist Kalus Muff i Det norske misjonselskap vert talar. Sokneråda har invitert misjonslaga i Arna til å oppnemne medlemmer i komitéane. Vi vil gjerne at dette skal vere møteveker som kan få brei oppslutning i begge kyrkjelydane.

Vi kjem nærare attende med prestasjonen av aksjonen i januar. av kyrkjelydsbaldet, men vil likevel nemne ei vesentleg side ved førebuingarbeidet: forbønstenesta. Vi vil oppmode så mange som mogleg til å vere med å legge aksjonen fram for Gud i bøn. Når det samlast i foreningar, bibelgrupper, til møte og i andre samanhengar, så ta aksjonen med i bønene dykkar!

Arvid Fedje og Linda Askeland.

Yngve Solberg og Eva Carl- sen.

## DØDE:

### Arna sokn:

- 16.10 Nils B. Viken f. 1891.
- 27.10 Einar Rosvoll f. 1907.
- 2.11 Helga Gjerald f. 1926.
- 6.11 Sivert Martin Neset f. 1894.
- 8.11 Sigvor Borge f. 1907.
- 11.11 Anders Skulstad f. 1908.
- 18.11 Sofie Førde f. 1898.

## Ofringane i kyrkjelydane:

### ARNA SOKN:

- 21.10: NLA kr. 1.507,-
- 28.10: Kyrkjelydshuset kr. 2.405,-
- 04.11: Det norske bibelselskap kr. 2.710,-
- 11.11: Den Norske Muhammedanerm. kr. 1.617,-

### YTRE ARNA SOKN:

- 21.10: NLA kr. 777,-
- 28.10: Den norske sjømannsmisjon kr. 1.368,-
- 04.11: Menighetsfak. kr. 679,-

## VI YNSKJER

*Guds signing over julehelga og det nye året for kvar einiskild i Arna og Ytre Arna kyrkjelyd.*

**Gerd og Øyvind Øy  
Kristin og Harald Sundsbø**



## Presten har ordet



Harald Sundsbø

## Jul i overflod og sult

Overskrifta seier litt om situasjonen hjå oss og i delar av Afrika. Dei siste vekene har rystande skildringar om tilhøva der møtt oss gjennom massemedia. Den verste sultekatastrofa i vårt århundre, har avisoverskrifter fortalt. Inntrykka er så sterke at vi knapt vågar sleppa dei heilt inn på oss.

Kontrasten til vårt land er veldig. Me er midt inne i ei travel førjulstid der forretningane vonar å selja meir enn nokon gong før, og der juleborda bugnar av overflod. Ja, vekeblada plar også sjå sin sjanse til å selja litt ekstra på gode råd for slanking når jula vel er over. For all maten var ikkje berre av det gode.

Me får lett det inntrykk at overflod er eit teikn på jul. Pengane er eit teikn på jul. Då skal der ikkje sparast på noko. Pengane sit laust med tanke på julegåver, julemat og alt anna som kan tenkjast å ha samband med jul. Men om ikkje jula er noko anna enn det, då vert det eit skal utan innhald. Eller ei ramme som tek heile plassen slik at det ikkje vert nokon plass til biletet. Ja, me kan gjerne spørja oss om innramminga av jula er slik at me er på veg bort frå hovudsaka.

Det er den same Gud som er Herre i Afrika som i Noreg. Og tilhøva for han som skulle vera midtpunktet i jula — Jesus — liknar meir det mange har i Afrika. Krubba i stallen viser ikkje teikn på overflod. Jesus kom med himmelens herlegdom til jorda, men levde likevel eit enkelt liv. Han delte ikkje kår med dei som levde på solsida i samfunnet, men han var ofte oppteken med å hjelpe dei som hadde det vondt. Menneske han møtte fekk oppleva lys og varme, glede og håp i sitt liv.

Det kom han for å dela med oss — det er det gode jula minner oss om. Samstundes skulle me vera med på å gje det vidare. Den kjærleik me har møtt hjå Jesus, skulle andre også få del i. For Gud er far til alle menneske, og som menneske har me ansvar for å hjelpe kvarandre.

Dette er ikkje skrive for å ta bort noko av gleda eller «stemninga» ved jula. Og ikkje for at me skal ha dårleg samvit når me høgtidar jul, eller for å løysa alle problem i samband med U-hjelp.

Men heller for å vekkja litt til ettertanke. Eg trur ikkje me kan lata att augo våre og gløyma tilhøva. Då gjer me andre menneske stor urett både i jula og resten av året.

Men om me ikkje kan løysa alle problem kan me gjera litt. Og kanskje skulle me starta der. 2 kr. dagen kostar livet for mange menneske i Afrika denne vinteren. For desse er det ikkje spørsmål om å hjelpe alle for å gjera noko. For dei som får hjelp, gjev det liv. Gje ei julegåve til Afrika også, er ei oppfordring me har fått. Eg trur ikkje me vert fattige ved å gje. Og om me sløyfer litt av overfloda i vår julefeiring og gjev det til dei som svelt, ville me da få ei mindre gledeleg jul av den grunn?

GOD JUL!

## Konfirmanttur er gøy

Det syntes mange av dei konfirmantane som var med på tur til Kvamshaug siste helga i oktober. Om det var pizza laurdagskvelden, smin-kinga av leiarane, turen eller andre

ting i programmet som var «toppen» skal vera usagt. Men det var ei fin helg vi hadde saman både i moro og alvor. Og her har vi nokre inntrykk frå turen.



## Medarbeidarfest med vitjing av unge frå: DOULOS

– Vi har et fantastisk felleskap ombord. Kristne fra hele verden, svarte og hvite er sammen om en ting, nemlig å fortelle om Jesus.

Dette seier Hanne Jensen (19) fra Porsgrunn som saman med andre frå Doulos, vitja medarbeidarfesten 18. november.

Omlag 120 medarbeidarar, som er med i komitear, går med Kyrkjelydsbladet eller er heiltidsansatte, var samla til den årlege festen.

### Når mange

Eit av hovudinnsлага denne kvelden var ungdomane frå Doulos, eangeliseringsskipet som er ferdig med Bergensbesøket 9. desember. 300 unge frå 35 land verda over frå 19-26 år gjev to år til misjonsskipet Doulos.

2 år ombord er ei kjempeutfordring, ein lærer mykje om seg sjølv og om å ta omsyn til andre.

– Vi kommer gjerne på rom med noen vi ikke hadde valgt til våre venner til vanlig. Vi må lære å praktisere

tolmodighet og kristen kjærlyhet i praksis, sier Hanne Jensen.

– Er det ikkje trangt med 300 på eit slikt skip?

– Vi merker best de 300 ved måltidene. Og måltidene er et kapittel for seg selv. Vi får «internasjonal mat» med retter fra hele verden. Ellers har vi våre oppgaver på ulike steder på båten. Oppgavene våre skifter ca. hver 3.-4. måned.

– Kva gjer de ombord?

– Vi som er ombord går bl.a. gjennom bibelkurs. Når vi ligger til land reiser vi rundt for å besøke og oppmuntre de lokale kirkene. Vi driver også med evangelisering. Ombord blir det arrangert konferanser og seminarer der ulike tema taes opp.

Skipet har den største flytande bokmessa i verda. Ombord er det til saman heile 350 tonn med bøker. Bokmessa inneheld fleire tusen titlar.

Hanne Jensen seier at ein får kontakt med mange når ein ligg til land. ➔



Gjennom programmet vart smilet lokka fram meir enn ein gong...

Det avhenger litt av korleis førebuinga til besøket har vore. Det er lettare for mange å kome til skipet enn å kome til kyrkja. På denne måten når vi mange vi elles ikkje ville nådd.

### Mykje fint

I tillegg til avdelinga om Doulos

fekk vi høyre Anne Hilde Garnes Reigstad og Arve Reigstad som song og spelte. 4 studentar underheldt med fint fløyte og gitarspel. Ros må også elevar ved Garnes Ungdomsskule ha. 9. klassingar med heimkunnskap i valfag diska opp eit imponerande fint koldtbord.



Ei gruppe elevar frå 9. klasse på Garnes ungdomsskule saman med ein lærar hadde stelt i stand maten.



Alle forsynte seg godt og syntes det smakte framifrå.



*Gledelig Jul  
--- ønskes fra Sudan*

Juba 4/11-1984

Temperaturen er høy om dagene, nærmere førti grader. På denne tiden av året skulle det vært mer nedbør, og noe kjøligere. Men, i høst har det regnet svært lite. Nå brennes det gras over alt for å få bedre oversikt over ville dyr og slanger som måtte være i nærheten.

Rent ytre sett er det vanskelig med julestemning. Det vil nok ikke bli noen opplyste, julepyntede gater her i Juba, - - eller strålende butikkvinduer. Om kveldene er det bekmørkt ute. Noe kjøpepress av noe foruten, noe som forresten kan være greitt.

Tradisjonen tro, vil KN-folkene samles på hovedstasjonen, «Hilieu», og der ha julegudstjeneste ute i den store, åpne tukelen (hytten) som brukes til slike samlinger. Senere på ettermiddagen, etter julemiddag rundt omkring i hjemmene, samles en så igjen. Da har den norske skolen ofte hatt et rikholdig program. - - - 1. juledag, den store høytidsdagen, tar vi så del i den lokale gudstjenesten.

Snart et år er gått siden jeg kom hit, og det føles rikt og meningsfylt å få stå i denne sammenhengen. I tillegg til arbeidet i den norske skolen har jeg deltidsstilling innen utdanningsprosjektet vårt, for å hjelpe til i den sudanske skolen på forskjellig vis. Dette synes jeg er interessant og utfordrende.

Ytre sett lever folk svært enkelt her, og landet er meget fattig. Utviklingsarbeid av forskjellig slag drives av mange nasjoner. Men, - vi utlendinger har også mye å lære. Sudaneseerne er i besittelse av livskvaliteter som vi vet å sette pris på: Varme, vennlighet, gjestfrihet, omsorg, - - - og det å ha tid for hverandre.

Med de beste ønsker om en gledelig jul til alle i Arna menighet.

**Marit Gilje**


Adr. NCA/Juba, Box 52802, Nairobi, Kenya.

**- Troen har hjulpet meg**

- Jeg har aldri villet utbasunere det, men det er et faktum at kristendommen kan være en sterk støtte for meg, nå som i tidligere vanskelige perioder av livet. Troen har hjulpet meg, vært et fast holdpunkt, sier Thorstein Treholt (73), far til spionsiktede Arne Treholt til

Oppland Arbeiderblad.

- Slik vet jeg det også var for mor. Da far døde og hun satt igjen med tre unger, fra to til seks år, i fattige kår på et lite småbruk, var det forankringen i kristendommen som gjorde at hun kom gjennom vanskelighetene.



**underveis**

**TV-SERIE OM KRISTEN TRU**

«Kan eg tru når eg tvilar?»  
«Korleis skal eg få hjelp til å komma inn i det kristne fellesskapet?»  
«Eg skulle gjerne lært litt meir om innhaldet i den kristne trua».

Ingen av oss er utlærte i den kristne trua. Alle er vi undervegs. Difor: **BLI MED I EI «UNDERVEIS»-GRUPPE 5 gonger!**

TV-serien «Underveis» vert send 5 onsdagskveldar frå slutten av januar og fram til påske: 30.1., 13.2., 27.2., 13.3. og 27.3. Det vert eit halvtimes program etter Dagsrevyen desse kveldane, og reprise laurdag formiddag.

I samband med TV-programma innbyr kyrkjelydsskulen til **samtalegrupper/kveldar**. Etter å ha sett TV-programmet kan vi snakka saman, gjerne over ein koppkaffi. Det er laga eit studiehefte til serien, som vender seg til vaksne i alle aldrar. Det vert også utarbeidd eit spesielt samtaleopplegg for ungdom.

Ynskjer nokon å danna ei gruppe på eiga hand, kan kyrkjekontora hjelpa til med å skaffa materiell og gje nærare opplysningar.

Påmelding til samtalegruppe/kveldar innan 15. januar til Ytre Arna Kyrkjekontor, Peter Jepsensv. 39, 5265 Ytre Arna, tlf. 24 85 46 eller til Arna kyrkjekontor, Borgstova/boks 11, 5260 Indre Arna, tlf. 24 04 00.

..... KLYPP! .....

- Eg vil gjerne vera med i samtalegruppe 5 kveldar i jan.-mars -85.
- Treng skyss for å kunna vera med.
- Eg ynskjer nærare opplysningar om materiell etc.

Namn: .....

Ad.: ..... Tlf.: .....

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## UFATTELEG NØD

— Etiopia er berre eitt av dei mange tørkeramma landa i Afrika. Nøda er ufatteleg. Tusenvis døyr kvar dag, nokre av dei mellom hendene på hjelpepersonalet. Kirkens Nødhjelp har derfor i år gått saman med Redd Barna og Norges Røde Kors om ein stor innsamlingsaksjon for dei tørkeramma i Afrika, seier aksjonsleiar Thor Østby i Kirkens Nødhjelp.

### - LA BARNALÈVE -

Aksjonen tek til 26. november og vil vare fram til 9. desember. Alle norske huslyder vil få tilsendt innbetalingkort som dei kan nytte for å gi sitt bidrag til dei tørkeramma i Afrika. — Det ville også vore fiint om dei tre organisasjonane lokalt kunne gå saman om tiltak til støtte for aksjonen. Når nøda er så stor som den er i mange afrikanske land, er det viktigare enn nokon gong før at alle dei som ønsker å hjelpe går saman. For saman kan vi nå lenger, seier aksjonsleiar Thor Østby til slutt.

### KJØP LAGSKORT

OGSÅ I ÅR VIL DET KRISTE-LEGE SKULELAGET ARD på Arna Gymnas selja Lagskort. Det er julekort med kristne motiv, og all inntekta av salget går til Noregs Kristelege Student- og Skoleungdomslag sitt arbeid. Prisen på korta er som på andre julekort. Dei vil verta selde på ulike «stands» og ved tilstellingar i kyrkjelyden. Ein kan også venda seg til Inger Håøy, Stølv. 22 A, tlf. 24 03 26 for å få kjøpa korta. I Ytre Arna kan ein få kjøpt dei på Kyrkjekontoret.

### Rett løysing på oppgåva på side 5:

Herren - Hyrden - Jesus - Guds Sønn - Lammet - Sannheten - Kongen - Kristus - Fredsfyrsten - Lyset - Veien - Messias - Frelser.

*Redaksjonsnemnda  
ynskjar alle lesarane  
ei god jul  
og eit godt nytt år!*

Helsestasjonen i  
Indre Arna  
Kommunehuset  
Indre Arna

**Svangerskapskontroll  
v/lege og jordmor**

Telefon 24 07 00  
Kontortid: Hver onsdag.

### Lege i Arna:

Lege  
Frøydis Skjelbred Nilsen,  
Kommunehuset,  
Indre Arna.  
Telefon 24 07 00.  
Kontortid:  
Tirsd., onsd., torsd., fred.

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleivland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50  
**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-  
folk, der alle kundar, store  
som små, er hjarteleg  
velkomne.  
**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

### EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

### EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser  
ordnes. Transport med egen  
bil. Annonser, sanger, sløyfer.  
Monumenter besørjes  
oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**  
  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

**GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter**

**J.B. Myklestad**  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40





# Velkommen til kyrkje



- 9/12 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoniinstitusjonane. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Prost Johs. Valle. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding.  
**Unneland kl. 16.30.** LYSMESSE.  
**Arna kl. 19.00.** Julekonsert.
- 16/12 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til det kirkelige døvearbeidet. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Norges kristelige ungdomsforbund.  
**Arna kl. 19.00.** Julekonsert.  
**Ytre Arna kl. 19.00.** Julekonsert.
- 23/12 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
**Arna Helseheim kl. 11.00.** Sokneprest Øy.
- 24/12 **Arna kl. 14.30.** Sokneprest Hageberg. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 15.30.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 16.30.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Ytre Arna kl. 15.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Ytre Arna kl. 16.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Trengereid kl. 14.30.** Pastor Nils Arne Lavik. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 25/12 **Arna kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
- 26/12 **Arna kl. 11.00.** Prost Stormark. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.  
**Trengereid kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til det norske misjonsselskap.
- 30/12 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske totalavholdsselskap.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Pastor Stein Ove Skadal. Nattverd.
- 31/12 **Arna kl. 23.15.** Sokneprest Øy. Takkoffer til Ungdomsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 23.15.** Res.kap. Sundsbø.
- 1/ 1 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd.
- 6/ 1 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Harald Sundsbø. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy.
- 13/ 1 **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 20/ 1 **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19.00.** Ungdomsgudsteneste.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy.

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 1: 1. januar.